

SAK 5/21 REGIONALT POLITIRÅD

Saksopplysning:

Politiråd er heimla i politilova § 1, der det overordna målet for politiet si verksemd definert slik:

«Staten skal sørge for den polititjeneste som samfunnet har behov for. Polititjenesten utføres av politi- og lensmannsetaten.

Politiet skal gjennom forebyggende, håndhevende og hjelpende virksomhet være et ledd i samfunnets samlede innsats for å fremme og befeste borgernes rettssikkerhet, trygghet og alminnelige velferd for øvrig.»

På Hallingtinget i desember 2020 vart det fatta slikt vedtak:

Hallingtinget ber dagleg leiar i Regionrådet og politikontakt Pål Mikkelerud førebu to saker:

1. Felles handlingsplan for Hallingdal med lokale delkapittel.

2. Oppretting av eit regionalt politiråd, som har årlege møte i samband med Hallingting.

Begge tema må drøftast i kommunane før saka blir lagt fram for Hallingtinget våren 2021.

Politirådet er eit formalisert samarbeidsforum for lokalt kriminalitetsførebyggande arbeid, for samordning av aktuelle beredskapsplanar og for arbeid med samfunnssikkerheit, mellom politiet og kommunane. Alle kommunar i Hallingdal har etablert eit politiråd, og denne saka handlar om ein skal opprette eit regionalt politiråd i tillegg til det som allereie finnest i kommunane.

Vurdering:

Politikontakten i Hallingdal og dagleg leiar i Regionrådet har etter førre Hallingting hatt god dialog og vil foreslå at det blir oppretta eit regionalt politiråd. Årsaka til dette er at det kommunane i Hallingdal har mange av dei same utfordringane, også når det gjeld politisaker. Gjennom utveksling av kunnskap og erfaringar mellom politi og kommune, og etter kvart også region, kan politirådet bidra til å involvera lokale myndigheiter, næringsliv og frivillige i det førebyggande arbeidet innan beredskap og samfunnssikkerheit både på kommunalt og regionalt nivå.

Hovudoppgåvene til eit politiråd kan vera:

- Å sørge for felles forståing av trendar, årsak og utviklingstrekk i det lokale kriminalitetsbiletet, f
- Å bli einige om målretta førebyggande tiltak knytt til kriminalitet, utrygghet og sårbarheit.
- Samordne strategiske vedtak for det førebyggande arbeidet, beredskap og samfunnssikkerheit, samt utarbeide felles handlingsplanar innanfor desse verksemdene.
- Bruke kommunens politivedtekter som eit aktivt verktøy for å ivareta førebygging og trygge lokalsamfunnet.
- Gjennomføre revisjon av kommunens politivedtekter.

Politirådet bør etter vår vurdering vera avtalebasert og forpliktande for partane slik at ein er einige om innsatsområdet, og at arbeid som skal gjerast blir samordna og gjennomført. Det kan løysast ved at ein vidarefører ordninga med eit fast politiråd i kvar kommune ein gong i året og elles ved behov. I tillegg kan det haldast eit felles regionalt politirådsmøte i samband med Hallingtinget for alle dei 6 kommunane i Hallingdal. Ved å gjera det på denne måten vil det regionale politirådet vera del av eit allereie fastsett møte, det vil vera enkelt og organisere og gjennomføra og krevje minimalt med ressursar.

Eit regionalt politiråd skal kunne prioritere felles satsingsområde og ev. utarbeide handlingsplanar basert på politiet og regionen sine analysar og vurderingar, forventa utfordringar og annan kunnskap: Eksempel på satsingsområde kan vere:

- Kriminalitetsførebyggande tiltak i ungdomsmiljøa i Hallingdal
- Monitorering og tiltak retta mot rusmiljøa i dalen
- Arbeidslivskriminalitet
- *osb*

Forslag til vedtak:

1. Hallingtinget vedtek at det blir oppretta eit regionalt politiråd i tillegg til dagens ordning med politiråd i kvar kommune.
2. Hallingtinget ber dagleg leiar i Regionrådet og politikontakten i Hallingdal utarbeide ei samarbeidsavtale for politiråd, som i tillegg til å definere politiet sitt tenestetilbod, beskriv organisatoriske forhold, hovudoppgåver, samt innsatsområde og handlingsplan. Avtala skal leggast fram på neste Hallingting og signerast der.

Hallingdal, 8. juni 2021

Jan Olav Helling
Dagleg leiar